

**Det er no teke ei administrativ avgjerd om at lensmannskontoret skal flytta frå Rosendal til Husnes, men når det kan skje er førebels uvisst.
Fungerande lensmann Sigurd Børve seier seg glad for at vedtaket er gjort.**

Hordaland politidistrikt skal delast i sju lensmannsdistrikt, men Kvinnherad er ein av fire einingar som ikkje vert råka av denne omorganiseringa.

Vedtaket om flytting av lensmannskontoret er teke av politidistriktet etter ein grundig vurdering med innsamling av informasjon gjennom fleire år, seier administrasjonssjef Olav Valland til innsida.no

Sigurd Børve gav fredag uttrykk for at flyttinga vil kunne skje ganske raskt, men Valland seier at den nok ikkje er gjort på ein-to-tre. Det skal lagast planar over kva ein treng og lagast anbodsdokument.

- Det er strenge reglar her. Også marknaden verkar inn og kontoret har jo også ei kontrakt på staden der det ligg no, seier Valland. Han tør ikkje seia når flyttinga kan skje, men håpar på ei avklaring neste år.